



NYTT UNDER STOREN 2-18

Internavis for Luster kommune



Gode medarbeidar.

Då me gjekk inn i 2018 var det med krevjande planar om å betre balansen i økonomien via innsparingstiltak, effektivisering og organisasjonsutvikling. Litt store ord og lite resultat vil gjerne nokon seie. Dei kan ha litt rett. Med eit noko betre rekneskap for 2017 enn rekna med og aukande straumprisar, er det etter mi vurdering rett å seie at me har slege litt av på krava, eller i det minste så tek me oss litt betre tid. Tertialrapportane og det budsjettet me no har vedteke for 2019 er prov på det.

Med litt betre inntektsprognosar så er det vanskeleg å halde opp trykket på innstrammingar og endringar og me har gjerne ikkje greidd det så godt som me burde. Sjølv om det ikkje er dei store endringane i prognosar så er det vanskeleg å skape den same forståelsen for behovet for inn-strammingar og endringar når inntektssida er styrka.

På tampen av året er me litt usikre på kva resultat me oppnår for 2018. Me ser og at me truleg har teke i meste laget av inntekter på forskot, spesielt gjeld dette inntektsskatt frå dei store kraftverka. Det lyt i tilfelle rådmann svara for ut i 2019.

Eg var klår over at eg gav meg ut på eit risikoprojekt då eg for første gongen som rådmann ikkje har snakka om nedskjerjingar og reduksjon av rammer i budsjettarbeidet denne hausten. Når utsiktene er lysare, om enn ikkje så mykje, så vert det fort å snakke for døde øyrer og derfor endra me strategien dette året.

Kommunestyret har no vedteke eit budsjett og opplegg for neste år. På papiet ser det greitt ut, med unnatak av eigeidomsatteinntekter, men det vil nok likevel verte krevjande arbeid. Å effektivisere administrasjonen og bruke noko mindre lønn innan grunnskule er to sentrale tiltak som er gjeldande og for 2019.

Me skal heller ikkje slå av på utviklings- endrings- og digitaliserings-arbeidet. Om me likar det eller ei så er dette kvardagen i kommunenorge.

I Luster heng me bra med i dette, men her kan gjerast meir, og det er fort at mindre kommunar som vår stoppar opp i denne utviklinga. Det er eg sikker på vil vere uheldig og me må berre stå på, for som mange har sagt før meg, det går ikkje over...

Det er positivt å sjå at mange utviklings- og utbyggingstiltak i kommunen vert realiserte.

Folketalet har vore i positiv auke og det hjelper og det vert på mange område arbeidd aktivt for å nå målsetjingar i kommuneplanen om at me skal ha ein god kommune å bu i, ein god kommune å besøke og ein god kommune å drive bedrift i.

Eg vil gjerne avslutte med om lag dei same formuleringane som for eit år sidan då eg trur dei vil vere endå meir passande for 2019 enn for 2018. Ting tek tid og me kan gjerne få til endå meir...:

Me har eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet. I det daglege vert drift og tenester haldne oppe med gode resultat. Mange tilsette gjer ein flott jobb for å sikra dette. Det er ikkje kommuneleiinga som skal ha æra for dette, men deg som til dagleg møter brukarar og innbyggjarar. Me må vere utålmodige etter å bli betre og om me likar det eller ei så vil me møte endringar framover, digitalisering og organisasjonsutvikling er kvardagsord som vil påverke arbeidskvardagen for mange av oss. Stort eller lite, som påverkar oss, eg håpar me skal få til god informasjonsflyt, medverknad og lagarbeid for eit godt og triveleg arbeidsmiljø som på ein god måte tek utfordringane i Luster kommune framover.

Men først er det jul og nokre rolege dagar for dei fleste. Eg takkar for god innsats i 2018 og ynskjer deg og dine ei retteleg god jul og godt nyttår.



Jarle Skarvåm
Rådmann

*God Jul og
Godt nyttår!*



PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette),
perioden 01.06.2018 - 31.12.2018

Velkomen!

Hafslo omsorgssenter

Ane Buene – fagarbeidar
Britt Kronen - sjukepleiar
Marita Melheim – fagarbeidar

Gaupne omsorgssenter

Britt Holene – BPA
Veila Barsnes - BPA

Grandmo busenter

Sølviann Menes - assistent

Hafslo barne- og ungdomsskule

Runar Hatlevoll - lærar
Ivar Garpestad - miljørettleiar

Gaupne skule:

Øivind Kristiansen – lærar
Brede Fardal Haukereid - miljørettleiar

Hafslo barnehage

Silje Kauppi Rørvik - assistent
Marianne Venjum - barnehagelærer

Gaupne barnehage

Silje Kreken - barnehagelærer
Marita Sjøli Sviggum – fagarbeidar

Luster oppvekstsenter

Hege Solheim – barnehagelærer

Indre Hafslo oppvekstsenter

Ida Kristine Sagerøy – barnehagelærer

Skjolden oppvekstsenter

Oddny Urnes- barnehagelærer

Teknisk drift

Jostein Skjerven- reinhaldar

Service- og driftsstøtte

Svein Sanden – stabsleiar

Landbruk og naturforvaltning

Magnus Snøtun – fagleiar

Økonomi:

Perdy Hesjevoll – rådgjevar/skatteoppkrevar

Takk for innsatsen!

Økonomi:

Ragna Aud Leirimo - skatteoppkrevjar

Plan:

Ole Arne Haugen - ingeniør
Norvald Røneid - ingeniør

Grandmo busenter/ressuskrevjande

Siv Anne Teigen - sjukepleiar
Mary Halland Nes – heimehjelp

Luster omsorgssenter:

Marit Berger - heimehjelp



Informasjon

Lønsslippen på web mm:

Frå 01.01.19 vil lønsslipp ikkje bli sendt ut på e-post, den finn de no i Visma. Lenke til å logge inn finn de på Luster kommune si heimeside under «For tilsette». E-post med brukernamn og passord har blitt sendt ut til alle tilsette. Lønsslipp vil også bli tilgjengeleg i ein app som heiter Visma Employee.

Meir informasjon om denne blir sendt ut i januar.

Søknad om ferie, velferdspermisjonar og levering av eigenmelding blir elektronisk frå januar 2019. Det er same innlogging for dette som for å sjå lønsslipp. Ta kontakt med din leiar dersom du har spørsmål om dette.

Influensavaksine 2018:

Også i år var det tilbod om gratis influensavaksine til kommunalt tilsette. Tilsette i omsorgstenestene vart særskilt oppmoda om å vaksinere seg.

135 tilsette tok i år i mot tilbodet – dette er ein god auke frå tidlegare år.

Me håpar at enno fleire tek i mot tilbodet neste år!

Reviderte reglement og retningsliner!

Du finn dei på LKK:

- Kommunikasjonsreglementet
- Retningsliner for påskjøning og velferdstiltak
- Retningsliner for erstatning av effektar som vert tapt eller skada i arbeid
- Retningsliner for kjøp av databriller
- Arbeidstid/fleksitidreglement
- Permisjonsreglement
- Retningsliner for forskot på løn
- Tilsetjingsreglement
- Arbeidsreglement

Julegåve 2018

Dei siste åra har julegåve til alle tilsette blitt erstatta med ei gåve til eit godt føremål.

Luster Kommune gir i år julegåva på kroner 25.000,- til Sogn og Fjordane Røde Kors sitt tiltak «Ferie for alle».

I 2017 gikk julegåva til Bjørn Skovli/Lions Club Luster

I 2016 gikk julegåva til Barnekreftavdelinga.

I 2015 gikk julegåva til Redd Barna.

I 2014 gikk julegåva til Leger utan grenser.

I 2013 gikk julegåva til hjelpearbeidet på Fillippinane.


«Ferie for alle» er eit gratis ferietilbod til barnefamiljar som har dårleg råd.



KOMPETANSE/REKRUTTERING

KVALITETSARBEID

ORGANISASJONSUTVIKLING



FOKUS-område i 2019:

Gode tenester.

- god tenestekvalitet, god service til innbyggerane.

Organisasjonsutvikling.

- vidare arbeid med OU-rådhuset, utviklingsarbeid omsorgstenesta, nyordning av byggforvaltninga...

Digitalisering.

- auka bruk av digitale løysingar, utvida den digitale kommunikasjonen, digitalisering av service-funksjonar, utvida bruk av velferdsteknologi...

«Framsikt.»

- totalløysing for analyse, økonomiplanlegging, budsjettering og rapportering inkl verksemds-/einings-plan.

Planarbeid.

- fullføring kommuneplanen sin arealdel(KPA), krafttak på etterslep reguleringsplanarbeid, kommunal transportplan...

IBOS.

- inkluderande barnehage og skulemiljø, skapa gode vilkår for eit sosialt fellesskap og eit inspirerende læringsmiljø både fysisk og psykisk, kompetansetiltak...

Utviklingsarbeid folkehelse og velferd.

- diverse tiltaks- og prosjektarbeid, folkehelse, sosialområde og oppfølging av stortingsmelding «leva heile livet»

Grandmo busenter.

- utbygging/renovering 12 bueiningar m/fellesareal og administrasjon.

Lustrahallen

- renovering og utbygging...

Andre investeringstiltak.

- infrastruktur, VA, div bygg og anlegg, idrett/friluftsliv...

Vernerunde - opplæring:

Innan første halvår 2019 skal det gjennomførast vernerunde på alle einingar.

- Leiar har ansvar for å ta initiativ til gjennomføring av vernerunde.
- Leiar og verneombod skal gjennomføre vernerunden i fellesskap.

Du som tilsett bør nytte sjansen til å bidra aktivt og konstruktivt når vernerunden blir gjennomført. Rådmann vil fylgje opp gjennomføring, dokumentasjon og resultat med leiarane.

Leiar og verneombod vil i løpet av vinteren få nytt tilbud om praktisk opplæring for å kome i gang med og gjennomføre vernerunden.

GDPR arbeidet:



Arbeidet med personvernforordningen er godt i gang. Personvernforordninga handlar om å ivareta alle personopplysningar som kommunen handsamar på ein sikker og trygg måte.

Personvern handlar om retten til privatliv og retten til å bestemme over egne personopplysningar.

Framdrift i arbeidet er slik:

- Innan utgangen av desember 2018: Opplæring til utvalde einingsleiarar og registrering i elektronisk verktøy
- Januar 2019: Personvernerklæring, personverninstruksar, opplegg for opplæring skal kome på plass.
- Februar/mars 2019: Opplæring/Informasjon til alle tilsette.

Nærmare informasjon vil kome på arbeidsplassen og på dykkar kommunale e-post


Sjekk din kommunale e-post!

Nyttig informasjon kan gå tapt om du ikkje jamnleg loggar inn på din kommunale e-post.

Følg Luster kommune på Facebook!

Her legg me ut informasjon det kan vere nyttig å få med seg. Me set pris på om du og vil lika sida vår.

Bygdebok som julegåve?



Om du enno ikkje har alle pakkene i boks, er bygdebøker og anna lokalhistorisk litteratur ei ypparleg julegåve.

Bygdeboka kostar kr 750 pr stk.

Kjøper du ein serie på 3 ulike bøker eller meir, er prisen kr 500 for bok nr 3 og oppover.

Til no er det utkome 11 band (nr 5 er utseld).

[Sjå bandinndelinga her](#)

[Her finn du tingingskupong for Lokalhistoriske publikasjonar](#)

Medarbeidarundersøkinga 2019:

Det vil bli gjennomført ny medarbeidarundersøking første halvår i 2019. Rådmannen informerar om dette på siste leiarsamling før jul og det vil kome meir informasjon kring dette på nyåret.

Heiltidskultur - kartlegging 2018:

Kvart år får fast deltidstilsette som ynskjer auka stilling høve til å registrere sitt ynskje.

53 fast deltidstilsette har hausten 2018 registrert at dei ynskjer auka stilling. Dei fleste ynskjer auke til full stilling, men det er og mange som ynskjer auke til stilling mellom 50 og 100%. Dei fleste som har registrert seg jobbar i omsorgstenestene, men og mange innan oppvekst har registrert seg. Det er utarbeida oversikt over registrerte som ynskjer auka stilling. Leiarane skal vere merksame på og vurdere moglegheita for å gi tilbod om auka stilling når ledige stillingar blir lyst ut.

Endringar i Arbeidsmiljølova:

Frå 01.01.19 er det endringar i Arbeidsmiljølova §14-3 som styrker deltidstilsette sin rett til å få auka sin stilling når ledig stilling blir lyst ut.

Fagprøvar og kompetansprøvar i Luster kommune andre halvår 2018:

- **Mai Grete Klingenberg Brugrand**
Fagbrev i helsearbeidarfaget
- **Mariann Linn Kathlin Aas**
Fagbrev i helsearbeidarfaget
- **Natalie Maria Henjum**
Kompetansebevis i barne -og ungdomsarbeidarfaget
- **Klaidas Mockapetris**
Fagbrev i dataelektronikk faget

Årshjulstiltak 2018



Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
- Leiardialogen
- Medarbeidarsamtalar
- Brukarundersøking barnehage
- Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
- Brukarundersøking skule
- Vernerunde
- Fenestepian (frå einingane)
- Tertialrapport T2
- Introduksjonsseminar
- Budsjett og økonomiplan
- Brukarundersøking Omsorg

Komande tiltak:

- Årsrapportering

Bedriftstrening for tilsette:

I haust har me hatt eit prøveprosjekt med bedriftstrening hjå Luster treningssenter. Me har delt ein treningstime med LMI. Treningstimen på 75 minuttar inneheld spinning/sykkel og styrketrening og er med instruktør. 14 stk kunne delta kvar gong.

Det har vore god deltaking frå kommunalt tilsette. Tiltaket blir vidareført i same omfang, med same innhald og til same tid etter nyttår. Meir informasjon blir sendt ut i e-post til alle tilsette.

